



## Lokale retningslinjer

### Innleiing

Dette dokumentet inneheld lokale retningslinjer for felles brukarutval for kommunane i Sogn og Fjordane og Helse Førde HF. I [overordna samarbeidsavtale](#) mellom Helse Førde og kommunane omhandlar pkt 3.4 prinsipp for brukarmedverknad.

Dei lokale retningslinjene kjem i tillegg til Nye nasjonale retningslinjer gjeldande frå 01.01.25, godkjent i styremøte desember 2024. Satsar justert 2026. [Felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå i helseforetak](#)

Brukarutvalet skal kvart 2. år evaluere og gjere framlegg om endringar av denne delen av retningslinjene. Forslag til endring vert lagt fram for strategisk samarbeidsutval og helseføretaket, til avgjerd. Felles brukarutval rapporterer årleg til strategisk samarbeidsutval og styret i Helse Førde. Retningslinjene dannar utgangspunktet for samarbeid og samspel om brukarmedverknad mellom kommunane i Sogn og Fjordane, og Helse Førde.

### Samarbeid med andre organ

Brukarutvalet er eit rådgjevande organ for partnarane, slik at kunnskapen til brukarane vert nytta som eit grunnlag for å utforme og gjennomføre helse- og omsorgstenestene i Sogn og Fjordane. Utvalet skal sjå til at brukarmedverknaden vert ivareteken i samarbeidstiltak som omfattar fleire kommunar og Helse Førde.

Brukarutvalet har rett til å få sine syn framlagt gjennom fast representasjon i alle møtefora i Sogn og Fjordane helsefelleskap. Utvalet møter helse- og omsorgsutvalet i Sogn og Fjordane og styret i Helse Førde HF minst ein gong i året. Vidare blir eitt av utvalsmøta kvart år lagt til ein kommune, og rolla som vertskommune for møtet går på omgang i regionane.

### Samansetjing og oppnemning

Brukarutvalet skal ha 11 medlemar som vert oppnemnde for 2 år om gongen. Fordelinga av representantar ser slik ut:

- Funksjonshemmede fellesorganisasjon - FFO 4
- Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner - SAFO 2
- Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane 1
- Kreftforeningen 1
- Rusettervernet eller anna tilsvarande organisasjon 1
- Brukarrepresentant kommune/fylke 2



- I tillegg til møtorepresentantane møter ein fast representant frå Helse Førde og ein fast representant frå kommunane. Desse vert og oppnemnde for 2 år.

Kommunane oppnemner ein representant frå kommunalt eldreråd /råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkeskommunen skal oppnemne ein representant frå Fylkeseldrerådet / fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Det skal vere ein representant frå kommunalt eller fylkeskommunalt eldreråd, samt ein representant frå kommunalt eller fylkeskommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne representert. Deltaking frå dei ulike råda rullerer mellom kommunane og fylkeskommunen, og dette må samordnast ved kvart nytt val for å sikre at både råd for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråd får tilbod om å bli representert.

Strategisk samarbeidsutval tilrår oppnemning av medlemmane i Felles brukarutval, styret i Helse Førde vedtar.

### **Drift og finansiering**

Arbeidsutvalet har planleggingsmøte i forkant av brukarutvalsmøta.

Kostnadene til drift av felles brukarutval i Sogn og Fjordane vert dekkja av kommunane og Helse Førde med 50% på kvar. Sekretariatsfunksjonen vert ivareteken av Helse Førde, og fordeling av samla kostnader for kommunane vert fordelt etter tal innbyggjarar.

Godtgjerse til brukarutvalsmedlemmane følgjer dei nasjonale retningslinjene for brukarmedverknad. [Felles retningslinjer for brukarmedverknad på systemnivå i helseforetak](#)

Strategisk samarbeidsutval/styret i Helse Førde, tilrår og vedtek årleg budsjett for Felles brukarutval etter at utvalet har gjeve sitt framlegg. Endringar som medfører auka kostnader skal godkjennast av partane før iverksetting.